

MØTEPROTOKOLL

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå: 25 / 2020 Sak til : 32 / 2020	Onsdag 13 mai 2020	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Til stades

Medlemer: Kjell Berland, Astrid Marie Haugland, Eirin Hansen Berg, Therese B. Ellingsund, Kjellaug F. Eidsaa, Gunnvor Eggebø Næss
Varamedlemer:
Meldte forfall: Ivar Eidsaa

Andre frammøtte: Trude Munkevold

Sak / år:

25/2020: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Godkjent, med merknad feil dato.

26/ 2020: Meldingar:

- Stig Ulv ynskjer ha konsert på Askøy. Vi vil ikkje arrangere noko konsert foreløpig,
- Brev frå Leif Heggernes. Litt tilbakeblikk frå starten og til no.
- Rebusløp for born rundt kyrkjene. Sjå på Askøy kyrkja si side for meir informasjon.

27/ 2020: Gudstenesteliste:

22/03-20: Kl. 11.00: Gudsteneste/nattverd v/ Michal Møgster 4
01/04-20: Kl. 16.30: Gudsteneste eldresenteret v/Astrid Marie Haugland
09/04-20: Kl. 18.00: Kveldsgudsteneste/nattverd v/ Godtfred Haugland (1)
12/04-20: Kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste/dåp v/Astrid Marie Haugland (2, Kjell)

.....
31/05-20: Kl. 11.00: Gudsteneste m/nattverd (Eirin)
31/05-20: Kl. 12.30: Gudsteneste m/dåp- kunn for familie og slekt
14/06-20: Kl. 11.00: Utegudsteneste Skaperverkets dag (Ivar)
14/06-20: Kl. 12.30: Utegudsteneste m/dåp

28/2020: Evaluering av tida som har vore, gjennomgang av smittevernstiltak:

- Smittevernstiltaka er omfattande, og må gjennomførast for å kunne opne. Nå kan det vere 50 personer utenom dei som arrangerer. Alle må registrerast, all kontaktflate må vaskast fleire gonger. Vi må hjelpe kvarandre til å få dette til. Viktig at dei som er i risikosone, samt dei som treng ta vare på andre i risikosone, kan vurdere sjølv om dei gjennomføre frivillig arbeid i denne perioden. Vi holder oss oppdatert på retningslinjene som kjem.

29/2020: Kyrkjeoffer:

- Vi skriv på sida vår at om nokon ynskje og har moglegheit, kan dei Vippse til Herdla: 54035/Herdla Sokn

- Kyrken SOS og Kirkens Bymisjon er dei som ikkje har fått offer denne våren. Vi gjer 1500,- til kvar.

30/2020: Planlegging av hausten:

Soknerådsmøte:

- **August: tirsdag 18.**
- **September: onsdag 16.**
- **Oktober: onsdag 21.**
- **November: onsdag 18.**
- **Desember: onsdag 9.**

- **Haustbasar.** Loddbok samt kjøpe lodd med vipps. Vi må sjå litt an ut frå tiltak som kjem, men prøver å få det til i løpet av oktober. Gevinstar kan gjerne vere heimelaga gåver frå soknet. Kva får du til på restematerial heime? Kva syltetøy lager du?
- **50-årskonfermanter i løpet av oktober**

31/2020: Open kyrkje

- Kan dette diskuteres av diakonene? Kva kan dei bidra med for å få det til. Så tar vi opp denne saken på neste møte. Kor mange har vi som kan vere frivillig ved open kyrkje i sommar?

32/2020: Eventuelt

- Det blir barnekor til hausten

Møte i juni onsdag 17. klokken 18.00

Nordre Haugland, 29. mai 2020.

Therese B. Ellingsund.

Referent.